

RETNINGSLINER FOR GOL UNGDOMSRÅD

Vedteke i Gol kommunestyre 12.11.2020

1 FORMÅL

Gol Ungdomsråd skal:

- Gi ungdom medinnflytelse i utforminga av ting som skjer i lokalsamfunnet.
- Betre kontakten mellom ungdom, politikarar og administrasjon
- Påverka saker som ved kjem ungdommen.
- Stimulere til samfunnsengasjement, med bestemmelse og deltaking blant ungdom.
- Ha uttalerett i saker som vedkjem ungdom.
- Vera høyringsorgan for kommunale etatar i saker som vedkjem ungdom.
- Ta initiativ overfor kommunale råd/utval/nemnder/styrer og administrasjon for å få fram saker av betydning for ungdom.
- Forvalte tildelte midlar, samt gi innstilling til kommunestyret om midlar disponert til barne- og ungdomsformål.

2 SAMANSETJING/VAL

Kommunestyret skal velje ungdomsråd.

Ungdomsrådet skal ha en valperiode på inntil to år.

Medlemmene i ungdomsrådet skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år. De skal også være busett i Gol kommune få å kunne veljast til Ungdomsrådet.

Gol ungdomsråd har slik samansetjing (styre):

1 representant for kvart av klassetrinna ved Gol ungdomsskule.

1 representant for kvart av klassetrinna ved vidaregåande skule.

2 representantar frå Gol ungdomsklubb.

1 representant vald frå Utval for Kultur og Levekår. Denne har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Totalt 9 representantar

Det skal veljast representantar og vararepresentantar. Skulane vel sine representantar innan 1.oktober kvart år.

Ungdomskonsulent er sekretær for rådet, med tale- og forslagsrett, men ikkje stemmeret.

Ordførar og rådmann har møte-, tale- og forslagsrett, men ikkje stemmeret.

Ungdomsrådet har uttalerett i saker som vedkjem ungdomsgruppa.

3 MØTEPLAN/FUNKSJON

- Gol ungdomsråd held møte minst 4 gonger pr år, 2 gonger pr semester.
- Møteplan blir sett opp på fyrste møte kvar haust.
- Leiar eller fire medlemer kan krevje møter utanom oppsett møteplan.

- Ungdomsrådet er vedtaksført når minst 1/2 av medlemmene er til stades. Alle vedtak blir gjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal blir leiars stemme avgjerande for resultatet av voteringa
- Saker som blir lagt fram til politisk handsaming, og som vedkjem ungdom skal sendast Ungdomsrådet til uttale.
- Møta blir lagt til kommunehuset.
- Post til Ungdomsrådet blir sendt Gol kommune.
- Møta blir kunngjort på kommunens heimesider, med link til nytta nettsamfunn
- Møteinnkalling skal sendast ut seinast 7 dagar før møtet. Unntak frå dette kan vera om leiar eller minst halvparten av medlemmene krev eit hastemøte. Då skal det sendast ut innkalling til alle så snart det er praktisk mogleg Møta bør følgje vanleg møteskikk, med ordstyrar og taleliste.
- Alle møter skal protokollførast.
- Innkalling til møte og protokoll frå møta skal sendast formannskap, Utval for kultur og levekår, rådmann og avdelingsleiar for Kultur og informasjon

4 ØKONOMI

- Kommunestyret løyver midlar til drift (reiseutgifter og møtekostnader).
- Ungdomsrådet blir tildelt midlar som skal gå til tiltak for unge.
- Midlane blir fordelt etter søknad frå ungdom i Gol kommune. Retningslinene for tildeling av desse midlane blir utarbeidd i Ungdomsrådet og godkjent i kommunestyret.

5 DAGSORDEN

1. Opning v/leiar
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av dagsorden og referat frå førre møte
4. Statusrapport – økonomi
5. Gjennomgang sakliste
6. Eventuelt

6 RETNINGSLINER VED TILDELING AV MIDLAR

- Gol ungdomsråd kan løyve pengar til andre lag, organisasjonar og tiltak for ungdom i Gol kommune, eller regionale tiltak for ungdom
- Pengane blir løyvd etter søknad
- Gol ungdomsråd kan løyve pengar til tiltak det set i gang sjølv (eks. konsertar, skateshow, «Skummelt oppdrag» o.l.)
- Alle søknader blir behandla på møta til ungdomsrådet
- Rådet kan ikkje løyve meir pengar enn det det har fått tildelt.

Årsmelding og rekneskap skal liggje føre og godkjennast ved skuleårets siste møte. Arbeidsliste med saker til oppfølging for neste skuleår skal liggje ved protokollen